Universitetets Oldsaksamling
Jnr. 515

Universitetets Oldsaksamling
Topografisk Arkiv

Sysle 4. nov 1932.

Til

Universitetets oldsamling

Oslo

På ein tur gjennom Hole på Ringerike kom je i sumar sunnanfor garden Frøyse (Frøyshov) over ein samling av gravhaugar. Det var ikring 12 steinsette, temmeleg velhaldne haugar på venstre sida av ein gamal veg som går frå denne garden sudover mot Bønsnes. Då je nemde dette til ein mann ikkje langt unda som har hatt litt å gjera med historiske ting og han ingen greie hadde på denne gravfelassen, kom je på det var likeso god å nemne det til oldsamlinga. Je har ikkje ruste på um den er nemnd i Hole-boka eller andre stader.

Med det same vil je og nemne um at lærar Hermundstad frå Valdres på forelesningskurset i Nobelsalen nemnde um eit amboð han kalla „baklekkjå" som dei i gamle dagar hadde til å jaga krøtera når dei skulde på seterveg. ~~Reidskapen~~ var hopsett av vidor og sumt jarnskrammel. Nøyare fekk je ikkje tak i det.

Ingen på kurset hadde høyrt um sovore i sine bygder, og det turvde difyr kanskje vera verd å røkje etter og prøve på få veta meir um den tingen. Je slo på staden fast at me her hadde ein etterkomar etter ^t^ gravfanna sine rangler ~~~~ ; men um je får vitskaps-folka med på den, er no ein sak for seg. For sikkerheit skald so vil

je då nemne det.

Vyrdsamt
Jakob Andr. Samuelsen

Besv 8/XI - 32.

Universitetets Oldsaksamling
Topografisk Arkiv

Universitetets Oldsaksamling